

## Pressemelding frå Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

### ÅRSREKNESKAP 2023 FOR KONSERVERNET SKL

**Etter eit 2022 prega av uro i energimarknaden i Europa, har forholda normalisert seg gjennom 2023 til tross for den pågåande krigen i Ukraina. Energibalansen er styrka både for gassmarknaden i Europa og for magasin fyllinga i Norden. Prisane har på denne bakgrunnen også komme monnaleg ned frå nivået i 2022, men er fortsatt høge i eit historisk perspektiv.**

**SKL omsette for 2 419,6 mill. kroner, og resultat etter skatt vart 669,2 mill. kroner. Det vart produsert 2 271 GWh med fornybar kraft, noko som er 180 GWh lågare enn det som er rekna som middelproduksjon.**

SKL sel all kraft til prisen som til ei kvar tid er i marknaden. Totalt betalar SKL 1 350,7 mill. kroner i skattar og avgifter i 2023, og deler ut 400 mill. kroner i utbyte.

SKL sine mål er å drifta, utvikla og byggja fornybar kraft på ein forsvarleg og kostnadseffektiv måte. Samla investeringar for konsernet utgjer 150,3 mill. kr. Av dette utgjer 68,3 mill.kr utbygging av Løkjelsvatn kraftverk i Litledalen i Etne, for å erstatta gamle anlegg. Det er også nytta 9,2 mill.kr i samband med eit småkraftverk som vart sett idrift. Resten av investeringane har i hovudsak gått til reinvesteringar i eksisterande anlegg. SKL har også gjort mindre finansiell investering i selskap innan hydrogenproduksjon.

#### **Vasskraftproduksjonen**

For SKL var produksjon i 2023 på totalt 2 172 GWh i SKL. Det er 126 GWh eller ca. 5,5% mindre enn det som er rekna som middelproduksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 99 GWh, mot middelproduksjon for anlegga som utgjer 153 GWh. Total nedbør i Matre i Kvinnherad, der SKL har sitt største anlegg i Blådalsvassdraget, vart 2937,3 mm som er 11% lågare enn normalt, noko som også forklarar kvifor produksjonen vart lågare enn normalt.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2023 var på 68,1%, mens den ved utgangen av året var på 56,2%.

#### **HMS-tal**

I 2023 hadde SKL ein skade med fråvær, og med det ein H1, og H2-verdi lik 10,1. Tilsvarende tal for 2022 var ingen skadar med fråvær og H1, og H2-verdi lik 0. Samla sjukefråvære var 3,9% mot 2,8% i 2022.

Årsrekneskapen vart handsama i styret 27. februar 2024. Styret tilrår ovanfor generalforsamlinga ei utbetaling til aksjonærane på 400 mill. kr. Generalforsamlinga vert halden 23. april.

#### **SKL AS**

Postboks 24 – 5401 Stord    [post@skl.as](mailto:post@skl.as)

Telefon 53 49 60 00

[www.skl.as](http://www.skl.as)

Foretaksnr. NO 992 836 679  
MVA

## **Om SKL**

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft. SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Vestland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådals-vassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusa, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 451 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i eigne selskap. Desse er alle sett i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

## **KONTAKTPERSONAR**

|                              |                           |
|------------------------------|---------------------------|
| Adm.dir John Martin Mjånes   | 53 49 60 00 / 97 55 60 09 |
| Økonomisjef Knud Nagell Dahl | 53 49 60 00 / 97 55 61 90 |

SKL den 27. februar 2024

Ingvild Revne  
Kommunikasjonsansvarleg